



Vest Landbrukstjenester SA

P.g.a. koronakrisa har vi bestemt oss til å avvikle årsmøtet 2020 ved bruk av e-post/telefon. Opplegget er følgende:

- Når du mottok denne innkallinga vedlagt forslag til vedtak i kvar enkel sak, har du frist til torsdag 2. april kl 1100 med å komme med innspel (bruk e-post eller telefon). Kom med innspel så fort du kan.

- 31 03 2020 vart det sendt påminning på e-post med oppfordring om å delta med å sende svar på e-posten med kryss for «Eg har ingen merknad» og «Eg har merknad til sak nr..... Forslag.» Protokollen vart etter avstemming lagt tilgjengeleg på heimesida vår. Protokollen er tilpassa avvikling via e-post og telefon.

Protokoll årsmøte Vest Landbrukstjenester torsdag 2. april 2020 kl 1100 via e-post og telefon

Desse møtte: Norunn Britt Rygg Seljeset, Heidi Håheim, Salvatore Ligia, Gunnar Øen, Sonja Skåre Esperø, Torhild Kleppe, Hans Petter Hånes, Arne Dalsbø. I tillegg møtte Liv-Ingrid Iversen Rand og Knut Sigurd Gald frå administrasjonen. Til saman var det 15 personar som deltok i årsmøtet. Det var 13 med stemmerett som deltok. I merknad i sak 9, elles ingen merknad til protokollen.

Saksliste

Sak 01 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Ingen merknader, samrøystes godkjent.

Sak 02 Val av ordstyrar/møteleiar

Vedtak:

P.g.a. avvikling av årsmøte via e-post/telefon så vert det ikkje oppnemnd møteleiar. Innspel frå medlemmane vert summert i fellesskap av styreleiar Norunn Britt Rygg Seljeset og dagleg leiar Knut Sigurd Gald. Innspel vert endeleg omtala i den endelege protokoll. Innspel med betydning for vedtak vert sendt ut på e-post.

Sak 03 Val av 2 personar til å skrive under møteboka

Vedtak:

Hans Olav Nesheim og Norunn Britt Rygg Seljeset

Sak 04 Årsmelding 2019

Årsmeldinga lagt ved innkalling.

Vedtak:

Ingen merknader, samrøystes godkjent.

Sak 05 Rekneskap 2019 – disponering av årsresultat (underskot)

Rekneskapan og revisjonsmeldinga frå Firda Revisjon og Rådgivning AS lagt ved innkalling. Revisjon og Rådgivning AS har revidert og godkjent rekneskapan.

Vedtak:

Ingen merknad til rekneskapan, samrøystes godkjent.

Vest Landbrukstjenester
Tonningsgata 4
6783 Stryn

tlf: 57 87 18 22
vaktlf: 488 94 245
e-post: vlt@n-lt.no

org.nr: 871 366 802 MVA
<http://www.vest-landbrukstjenester.no>
Sparebanken Sogn og Fjordane 3795 10 24172
For medlem: 3705 33 44705 + KID

Besøksadresse: Nordsida Næringsstove, Ulvedal.

Opningstider kl 09 – 15 måndag, tysdag og torsdag



Disponering av overskotet

Styret si tilråding: Underskotet kr 296 058 vert å trekke frå fri eigenkapital (Ny fri EK 497 476)

Vedtak:

Styret si tilråding samrøystes godkjent. Underskotet kr 296 058 vert å trekke frå fri eigenkapital (Ny fri EK 497 476).

Sak 06 Budsjett 2020

Budsjettforslag lagt ved innkalling.

Vedtak:

Samrøystes godkjent.

Sak 07 Årsplan 202

Årsplanen lagt ved innkalling.

Vedtak:

Årsplanen for 2020 vart samrøystes godkjent.

Sak 08 Val etter vedtektene

- Val av styremedlem for 2 år
- Val av leiar for 1 år
- Val av nestleiar for 1 år
- Val av vararepresentantar til styret for 1 år
- Val av revisor for 2020
- Val av medlem og vara medlem til valnemnda

Forslag til val frå valnemnda.

Val av styremedlem for 2 år

- Heidi Håheim på val. Forslag frå valnemnda om attval.
- Gunnar Øen på val. Forslag frå valnemnda om attval som representant for Hornindal.
- Torhild Kleppe på val. Forslag frå valnemnda om attval.

Val av leiar for 1 år

- Norunn Britt Rygg Seljeset på val. Forslag frå valnemnda om attval.

Val av nestleiar for 1 år

- Heidi Håheim på val. Forslag frå valnemnda om attval.

Val av vararepresentantar til styret for 1 år

- 1. Arne Dalsbø på val. Forslag frå valnemnda om attval.
- 2. Ragnvald Bergset på val. Forslag frå valnemnda om attval.
- 3. Ola Einar Lillestøl på val. Forslag frå valnemnda om attval.

Vedtak:

- Forslag frå valnemnda er samrøystes godkjent.



Styret har satt fram forslag til val av revisor og valnemndmedlem.

Val av revisor for 2020

- Firda Revisjon & Rådgivning har gjeve tilbod på kr 17 500.
Firda Revisjon & Rådgivning vart vald som revisor for 2020.

Val av valnemndmedlem

- Val av nytt medlem til valnemnda Svein Per Ervik for 3 år.
- Val av nytt vara medlem til valnemnda Åge Ervik, samt attval av Geir Dårflot og Einar Helge Tomasgard som vara medlem.

Vedtak:

- Forslag frå styret er samrøystes godkjent.

Styret for 2020 ser slik ut

- Norunn Britt Rygg Seljeset leiar
- Heidi Håheim nestleiar
- Sonja Skåre Esperø
- Salvatore Ligia
- Gunnar Øen
- Torhild Kleppe
- Hans Petter Hånes tilsettrepresentant

Varamedlemmar

- 1. Arne Dalsbø
- 2. Ragnvald Bergset
- 3. Ola Einar Lillestøl

Varamedlem tilsettrepresentant

Pål Ruben Seljeset Tomasgard

Revisor

Firda Revisjon & Rådgivning

Valnemnd

- Linda Alsaker leiar
- Lars Andreas Tomasgård
- Svein Per Ervik
- Geir Dårflot vara
- Einar Helge Tomasgard vara
- Åge Ervik vara

Sak 09 Godtgjersle til tillitsvalde

- Godtgjersla til tillitsvalde har vore på kr 1 000 pr møte sidan 2014.
- Godtgjersle til styreleiar har vore kr 7 500 pr år sidan 2014.
- Godtgjersla for lang køyring har vore kr 125 pr time sidan 2017.



- Valnemnda går inn for noverande satsar.

Vedtak

Det vert ikkje endringar i godtgjersla. Styret vil ha det som sak i styremøte til hausten.

Knut Sigurd Gald
- Referat -

Norunn Britt Rygg Seljeset
- underskrift møtebok -

Hans Olav Nesheim
- underskrift møtebok -